Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Skav.

Oppskr. av: Hans Chr. Ekeberg

(adresse): Fusa

Fylke: Hordaland

Herad: Fusa

Bygdelag: Fusabygdi

Gard: Fagereid

G.nr. 31 Br.nr. 4.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1) I bygdene har vore oftast ordet: Hjelpefôr nytta. I visse høve kan òg ordet: Naudfôr verta nytta, sorleg når det gjeld om å berga buskapen ein sein vår til dess den (buskapen) kan sleppast ut på beite

2) Eg tykkjest hugsa, at gamle folk i min barndom, altså for umlag 50-60 år sidan, tala om smalekafôr.

3) Å skava, skjer, skov, skove.

4) Ja. Me kallar det skav. For 50-60 år attende vart det rekna som regulært fôrslag, - noko seinare vart det rekna mer som hjelpefor, sorleg der som ein hadde "sett for mykje på" om hausten, eller våren vart sorleg sein. No er skav så å segja ein saga blott."

5) "Dei treslag som har i bygdene vart nytta til skav var: Ask, raun, hegg, selja, og delvis ung bjørk. Osp, lind og alm er treslag som er lite av her i bygdene. Eg har ikkje

1335

høgst antaka, at ein skav barka.
Det gjævaste fôrslag til skav var:
ask, rogn og hegg.

6.) Ifrå ymse utskiftningsforretningar
eg har vore med på i Tysnes preste-
gjeld (Tysnes, Strandvik og Hålandsdal
herader) er der i gamle dokumenter
nemnt, at det eller det bruket
hadde rett på Skavveden i den
eller den teigen. Skavveden var:
Ask, rogn, hegg og alm, [illegible]
og [illegible]

7.) Det rim-verset De nemner i spør-
jelista var velkjendt her i bygdene
i gamle dagar". Nå er vel visst
ingen som kan det.

8 Så vidt eg veit var det berre kui
som fekk skav her i bygdene, (Kan
tenk vera, at på dei bruk som hadde
geit, fekk også den skav.) Skavet
fekk dei for seg sjølv og helst et-
ter, at kui hadde ete opp høiet
(eller halmen) Eg kan ikkje min-
nast antaka at skav av older her
vore brukt. Men kui sauda (vilde
ikkje eta) skavet, når det leid så
langt fram på våren at veden "svar",
som dei sa ~~her~~ her i bygdene, det
vil segja, at borken og veden i skavet
skildest åt

9.) Vart skav brukt i passeleg mengde,
fekk ein både meir mjølk og god
smjør av kjyrne. Askeskav (og lauv)
heldt ein for å gjeva godt smør. For

1335

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

stekk fram med skav, kunde gjera stram smak både på mjölk og smør.

10.) Dette kunde vera ymse, alt etter som ein hadde mögd av skavved nær heime eller noko lengre vekke. Mest brukt var det, at ein drog til skogs eins ærend og henta heim skavved. Hesjestaur vart ofte skavne, dersom veden elles var skavved

11.) At ein drog (eller drog) på "markaskog" høyrde og gamle folk på i sine barndom. Godt truleg det stod i samband med å henta heim skavved.

12.) Skavved.

13.) Ordet: <u>Marka</u> kan eg ikkje hugsa har vore brukt her i bygdene.

14.) Skavveden vart henta heim etter kvart ein hadde bruk for den i vinterhalvåret. Skavven som var hoggen så tidleg på hausten, at det også nytta lauvet, måtte altid skavast fyre jol, elles vilde kjyrne ikkje eta skavet, det vart turt elles visse". Dette å henta heim skav "laugardag" har eg ikkje høyrt om.

15.) Det kunde vera ymse, både ute og inne, alt etter som veret og tilhøva var. Men mest brukte ein å skava inne i stova um vinterkveldane.

16.) Det vart nytta skavkniv og bandakniv. Skavkniven eller <u>skavljåen</u>, som den oftast vart

1335

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

kolen, var laga av ein gammal
ljå, hadde av ein langorv. Stundom
vart laga eit sers handtak, men ofte
fester dei ei tyfille rundt eine en-
den. Skavljarn brukast til
å skava stenger, hesjestaur eller
gjerdestaur med, måtte det vera
handtak eller tyfillor i begge endar.
At tynsleljarn var kort, har og
ikkje høyrt nokon om, men det er truleg.
17.) Dei måtane som her e nemnde
har og ikkje set eller høyrt har
vore brukt her i bygda. Var det
t. d. hesjestaur som skulde skavast
og dette og nyttast til før, var ein of-
tast to stykkje, - den eine gjerne ein
gut, som heldt i eine enden på stau-
ren. Dei sat båe på ein krok. Den
som skov la stauren ned på knei,
og stauren vart snudd rundt etter
kvart som den vart skaven.
Når halve lengdi av stauren var
skavi, vart den endevendd. —
18.) Som nemnt var arbeidet om vinter-
kvelden ofte å skava. Ein bar
store fang med opphoggen skav-
ved inn i stova. Den som skov
sette seg på ein krok og styde
skavljåen mot ein stovebordfot, seng-
kanten, skåpkant e. l. - I dei seinare
år av skaving vart nytta, sat ein gjerne
i eit uthus, t. d. løda, eller og i
fjøset. Ordet skavhal kjenner
eg ikkje.

1335

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

19.) Dei sat på ein krak eller stol, heldt skavljåen med högre handa, og stydde ~~enden~~ den andre enden av ljåen mot ein bordfot, sengekant o.l. Skavkjeppen heldt dei med vinstre handa og drog kjeppen fram og attende yver der verktyget.

20.) Ein brukte både "Skav" og "skavved".

21.) Ein brukte helst ordet skavelokk.

22.) Ein skav både kvistar, tunne kjeppar og större ved. Kvistane kløyvde ein i halv ved "som dei sa her i bygdem", og det gjekk i skavdeingen att. Pålag 50 cm.

23.) Her segjer dei: Ein skjevel (eintal). Skjevla (fleirtal.)

24.) Dei gamle sa, at skavet måtte vera "mjukt og fint". Litt av sjölve vedlaget måtte og vera med. Sume var svært feinke å skava, andre mindre feinke. Tunne og mjuke måtte skavblokkene vera.

25.) Det var gammal skikk og bruk at skjevlane skulde brukast til kokstevad.

26.) Såvidt eg kjenner til, er skavtei för nå ånleg heelt slutt med her i Tuna herad



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING